



KnarvikMila
Aktiv > Glad > Spring

OPUS Bergen AS
Strandgt. 59

5004 BERGEN

Dykkar ref.
P14031

Vår ref.
16-044.HB

Stad/dato
Knarvik, 16. desember 2016

PROSJEKTNUMMER P 14031

HØYRINGSUTTALE VEDR. OMRÅDEREGULERING FOR LONENE GNR 185 BNR 284 I LINDÅS

Bakgrunn:

Vår uttale baserer seg mellom anna på historikken bak Brekkeløypa. Då Brekkeløypa vart etablert vart det inngått ein avtale med samtlege grunneigarar - Isdal felles og Walde gruppen, om etablering av Brekkeløypa som ei mellombels løysing. Vidare var Lindås kommune også involvert i prosessen. Eit av punkta i avtalen var at KnarvikMila AKS-77 ikkje skulle motsetja seg vidare utbygging i området og at Brekkeløypa ikkje skulle vera til hinder for dette.

KnarvikMila ser difor i utgangspunktet positivt på planutkastet. At man har teke inn i planområdet både heile «Brekkeløypa» samt «BKK-bakken» er svært bra, jfr. 3.2. Lonene og Brekkeløypa – samt turområdet opp mot Indregardsfjellet - er eit attraktivt tur- og rekreasjonsområde som er av stor verdi for regionen. Det er særst viktig at dette vert ivareteke og samstundes vidareutvikla. Brekkeløypa er inngangsportalen til eit stort urørt naturområde opp mot Gamleskulen og Indregardsfjellet og vidare mot Gladihaug. Brekkeløypa må difor etter vår meining behaldast som no, men samstundes ser vi for oss at området kan gjerast endå meir attraktivt og vidareutviklast. På denne måten kan vi få fleire ut i naturen – eit viktig tiltak i folkehelseperspektivet.

Så nokre kommentarar til dei enkelte punkta:

Byggjegrensa:

Vi meiner det er for uklårt det som er sagt om byggjegrensa inn mot Brekkeløypa i pkt. 7.1., nemleg « det skal så langt som råd ikkje vera direkte innsyn frå bustad og private uteopphaldsområde til Brekkeløypa/BKK-bakken og omvendt»

Dette ut frå at nærast kor ein byggjer på vest- eller austsida vil man sjå «Brekkeløypa». Vi ser ikkje noko problem i at dei som bur her ser løypa, men det må vera ein viss avstand frå busetnaden til løypa. Vi vil difor føreslå at det vert sett ei byggjegrense på minimum 30 meter

frå løypa. Då vert det etter vår meining ingen sjenanse verken for bebuarane eller dei som brukar løypa, og det vert ei tydelegare presisering enn det som no står i planprogrammet.

Antal bueningar:

Når det gjeld antal bueningar – 800 eller 1500 – har vi ikkje noko eksakt tal å koma med. Imidlertid må det vera av ein slik storleik at ein kan få utbyggjar til å investera i infrastruktur. Vi ser for oss at utbyggjar bør kunna vera med å finansiera både trafikksikringstiltak samt utvikling av Lonene. Vidare bør høgspenlina over området leggjast i jord og dermed vert også utnyttingsgraden av arealet større.

Lonene:

Lonene må etter vår meining **ikkje vernast**. Dette vil hindra eit kvart inngrep no eller seinare. Vi ser for oss at lonene burde vore utvikla til både ein aktivitetspark og ein naturpark. Dette ville gjort området endå vakrere og meir attraktivt. Aktivitetsparken bør leggjast innerst (nord) i løypa – der ein kunne hatt ulike treningsapparat og aktivitetar for born og vaksne. Dette er noko ein ser mykje av i andre land der slikt er tilrettelagt langs løyper/stiar der folk ferdast.

Å skapa eit attraktivt område vil bidra til å få folk ut og i aktivitet – nettopp eit tiltak i folkehelseperspektivet.


Akebakke:


KnarvikMila har hatt plan om å laga ein akebakke parallelt med «BKK-bakken». Det har også vore drøfta om vi kunne klart å investera i snøkanon slik at sesongen vart lenger. Vi veit dette ville vore eit kjærkomment tiltak til stor glede - spesielt for born/ungdom. Det er difor fint at planen sikrar eit område på kvar side av bakken slik at det er mogeleg å planleggja ein akebakke ein gong i framtida.

Trafikksikring:

I samband med utbygginga i området må fokus også setjast på trafikksikring. Ved utbygging i dette området vil trafikkmengda auka betrakteleg – herunder spesielt mjuke trafikantar, f. eks. born som går til/frå skule etc. Vi påpeikar spesielt to punkt der det er mange fotgjengarar og syklistar som kryssar Lonsvegen.. Dette er frå parkeringsplassen aust for idrettsbana, og i krysset nord for musikkhuset. Med utbygging vil trafikken auka og det er då ser viktig å leggja til rette for dei mjuke trafikantane. Begge desse stadene burde ein fått tilrettelagt undergang. Trafikksikringsmessig er undergang langt betre enn overgang – det viser all statistikk.

Med helsing
For Knarvikmila


Helge Brekke
Styreleiar


Eddie Ebbesvik
dagleg leiar

Kopi til:

Lindås kommune, Postmottak, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø